

# Gebyrregulativ for handsaming av søknad om graveløyve og kontroll etter leidningsforskrifta

Fastsett av Sunnfjord kommunestyre 20.06.2024 med heimel i forskrift om saksbehandling og ansvar ved legging og flytting av ledningar over, under og langs offentlig veg § 18, jf. Veglova § 32, og lokal forskrift om gebyr for sakshandsaming om legging og flytting av leidningar over, under og langs kommunal veg datert 20.06.2024.

Følgjande gebyr gjeld:

Sakstype/oppgåve	Pris per sak/oppgåve [kr]
Søknad om graveløyve	5 300
Tilleggsgebyr for stor, kompleks sak	3 500
Søknad om arbeidsløyve (arbeidsvarslingsplan inkl. skiltplan)	2 500
Tilsyn, kontroll, førehåndsbefaring, ferdigbefaring	2 400 + reisekostnader
Mindre endring av eksisterande løyve, utvida arbeidsperiode, m.m	1 000
Gebyr for forsinka ferdigstilling	500 pr. dag
Straffegebyr, igangsetting utan løyve	2,5 x søknadsgebyr

Tabell 1 Gebyrregulativ for grave- og arbeidsløyve med verknad frå 1. september 2024

## *Søknad om graveløyve:*

Søknad om graveløyve og godkjenning av plassering for enkelt tiltak som ikkje krev koordinering.

## *Tilleggsgebyr for stor, kompleks sak:*

Større og meir komplekse saker som omfatta strekning lengre enn 40 meter, og/eller som omfatta fleire kryssinga av veg, behov for koordinering med andre relevante aktørar, behov for førehandsgodkjent plan, og/eller utvida kontroll

## *Søknad om arbeidsløyve og godkjenning av arbeidsvarslingsplan:*

Arbeidsvarslingsplan er ein plan som viser korleis vegarbeidet skal varslast og sikrast ut i frå ein risikovurdering. Ei verksemd som skal jobbe eller nytte areal, på eller ved ein kommunale veg, må søke kommunen om arbeidsløyve på kommunal veg med godkjenning av arbeidsvarslingsplan. Krav om arbeidsløyve gjeld sjølv om tiltaket ikkje omfatta graving (t.d. ved luftstrek, utplassering av containere, m.m)

## *Mindre endringar, utvida arbeidsperiode m.m:*

Gjeld mindre endringar av gitt løyve, utvida arbeidsperiode m.m. som gjer ny sakshandsaming nødvendig. Større endringar vert rekna som ny søknad.

*Tilsyn, kontroll, førehåndsbefaring, ferdigbefaring:*

Gjeld tilsyn, kontroll, synfaring, ferdigbefaring m.m. Reisekostnad kjem i tillegg i samsvar med statens regulativ.

*Straffegebyr – igangsetting utan løyve:*

Dersom eit arbeid vert sett i gong utan løyve er gitt, kan kommunen krevje eit beløp tilsvarande 2,5 x gravegebyr for administrasjon og kontroll. Før vidare arbeid må det ligge føre ein godkjent søknad om graveløyve. Den som utfører arbeidet som avvik frå vilkår for løyve kan i tillegg bli nekta arbeidsløyve/graveløyve for kortare eller lengre tid.

Førde, den 11.03.2024